

Referat frå styremøtet 05.02 2008

Stad: Videokonferanse: Sogndal, Førde og Leikanger, Atle Hamar på telefon frå Oslo,

Deltakarar

Atle Hamar
Yngve Hallen
Geir Grime
Anne Karin Hamre
Bjørn Sørensen (siste del av møtet)
Ivar Petter Grøtte
Stig Starheim
Øyvind Heimset Larsen

Møteleiar: Stig Starheim

Forfall: Agnar Strømsnes , Anne Margrethe Alværn

Referent: Øyvind Heimset Larsen

Sak 1. Møtereferat

Grøtte gjennomgjekk referatet og kommenterer mellom anna dialogen rundt skulesaker, Lerumprosjektet som har fått 20 svar og sendt søknad til fylkeskommunen. (Vedlagt innkallinga.). Breibandsmidlar som kjem til fylka i 2008 må handterast og skuleutfordringa gjer at fylkeskommunen bør støtte oss.

Referatet er godkjent

Sak 2. Møte Høgskulen og utvikling av felles innspel/presentasjon

Grøtte informerte. Det er no faktisk høgskulen som har eit problem og det er positivt at nokon utanfrå bryr seg. Det er tunge prosessar og mange aktørar. Det skulle vere eit større høyringsmøte i dag med HSF, oss, bedrifter og Noreg.no. Møtet avlyst for at for mange hadde dobbeltbooka. Saka er utsett frå styremøte 6.januar til neste styremøte i mai.

Samla innspel må ha i seg det som skjer i Førde med ingeniørutdanning og teknisk fagskule med samanhengande løp mot Bergen/NTNU. Dei må gjere ein del dokumentasjonsarbeid i forkant av møtet, som vi kan respondere på. Vi må få ein plan om kva dei tenkjer om kva som skal skje i Sogn og Fjordane. Kva med synspunkt frå fagmiljøet direkte? (IT og studiet i Førde). Vi veit dei har kartlagt it-studier i landet og har statistikk og status å leggje fram.

Alternativ: 12. og 13. mars. 26.mars

Sekretariatet prøver å få på plass møte 13.mars, som passar for alle 5 deltakarar Ivar Petter, Atle, Geir, Yngve og Anne Karin. Styret ber om å få ein plan å kommentere i forkant.

Sak 3. Vidare arbeid med ITF-konferansen

Forprosjektgruppa har diskutert tema og samansetning på komitee. Konklusjon: Alværn må vere med i programkomiteen. Fordel med to personar frå næringsliv og to frå offentleg sektor som set fokus på sine område. Næringsliv må fronte, men vi må sikre deltaking frå offentleg sektor og. Difor fornuftig med undergrupper på to som har ansvar for kvar sin sektor.

Forslag til programkomitee: Bernt Bergheim i Lerum. Utfordre Angar på person frå td. Ytre Fjordane. Representant frå kommunane. Jarle Tvinneim. (IT-koordinator i Nordfjord. Leiar i breibandsforum og.). Representant for ungdomen som deltek i trainee-ordninga. (Grime tar dette vidare sidan banken har koordineringsrolle for ordninga.)

Premiss: Ein har økonomi til å kjøpe gode foredragsholdarar.

Tema td: Miljø og korleis det kan utnyttast og ikkje bli ein trussel. Rekruttering blir mykje diskutert. Prosess: Mykje bør på plass før årsmøtet. Tidlegare gav årsmøtet innspel om tema. No er det betre å informere årsmøtet. Styret er referansemøte og kan komme med innspel. Hovudtrekk må vere klar før sommarferien. Første møte før årsmøtet, i starten av mars, der Hamre deltar for overføring av erfaringar. Programmet må trykkast og vere klar i juni. Marknadsføring der ein tar tak i DM og ringerunde er og viktig. Lotteritilsynet gjere ein jobb om utgifter blir dekkja. Gruppa lagar ein plan og tidsplan med mandat og organisering og sjekklister som kan vidareførast år etter år.

Programkomiteen har sitt første møte i uke 10 og får før det den eksisterande sjekklister

Sak 4. Nye breibandmidlar og innspel frå næringsliv og fylkesmannen

KRD skal bruke 150 mill til breiband fordelt mellom fylka i 2008. Vidareutvikling rundt breiband. Nesten rettighetssak som kan brukast til mobile nett og utbedring av nett om det er full dekning. Fylkeskommunen brukar å be BBF om å uttale seg.

Styret ber om at BBF ser på dette når dei har møte den 14. om å kartleggje det aller siste og små lokale feil på grunn av at Telenor har tatt snarveg. Avventar innspel frå BBF

E-post frå Flæte med spørsmål om IT-forum kan ta tak i avdekka utfordringar systematisk. Blir vi systematisk diskriminert i høve til sentrale strøk på pris for høg breibandskapasitet. Også Eurofoto har fortalt om slike utfordringar. Problemstillinga kan henge saman med det BBF alt ser på i breibandsløftet 3. Offentleg myndigheit kan ikkje diktere Telenor. I den grad ein kan auke konkurransen er det bra. Denne saka bør og spelast inn til BBF. Saka er også interessant for årsmøte. IT forum jobbar for deregulert marked. Vi forum kan fange opp urimelegheiter og løfte det fram. Kanskje og ei kopling til Lerumprosjektet om korleis ha trykk på markedet, med få leverandørar og lite marked. Konkurransesituasjon med minst to leverandørar har ein god erfaring med det. ITforum må kanskje stimulere og dyrke fram eit duopol, Telenor og Enivest?

Styret ber BBF sjå også på dette tema og ber om at det blir laga en enkel utgreiing fram til sak på årsmøte. IT-forum melder dette tilbake til Oddvar.

Sak 5. Profilering og media

Gasta er klar med ny versjon av it-forum- internettsider. Sidene skal vere synlege om eit par dagar. På bakgrunn av styremøta kan ein god del publiserast i form av artiklar. Lett aksess gjer det lettare å publisere for medlemmer, sekretariat og Alværn. Nye mediasaker er på veg. Helse: Alle kommunar har i haust bestilt og skal no vere kopla på Norsk Helsenet. NH er imponert over at eit heilt fylke er kopla på. Må markerast! Innhold må no på plass i helsenet. Pilotar i Florø og Luster på innhald som meldings- formidling med henvisningar og epikriser til og frå Helse Førde er gjennomført. Saka i eit nytt prosjekt er å kopla inn 15 kommunar. Skulenettverket tilset snart prosjektleiar i sitt prosjekt

Å samordne opplegg for å synleggjere dei prosjekta som har fått midlar frå fylkesmannen er opplagt viktig. Styret gir arbeidsoppdrag til Anne Margrete Alvern for å profilere dette bra.

Sak 6. Kort status grupper og økonomi

Orienteringssak i høve til to grupper. *Kultur* der Gunnar Urtegård har vore drivkraft og no sluttar og Øystein Åsnes tek over. *Ehandel* får ny leiar att når Stryn Næringshage har skifta leiar til Helge Gjørven. Sekretariatet føl opp organisering for å sikre at det skjer noko og at gruppene er levande. Det er komne forlag til nye grupper: Eforvaltning, ungdomsgruppe /nyskappingsgruppe. Innspel til årsmøte på dei ulike gruppene slik at dei og heng saman. Økonomisøknad til Fylkeskommunen blir handsama 26.februar. Vi sender litt oppdatering frå bbf-møtet den 14.februar for å støtte opp om søknaden

Sekretariat føl opp og ser på gruppestrukturen og reell interesse før årsmøtet for å sikre at gruppene har aktivitet og la årsmøtet vurdere å opprette/avvikle grupper.

Sak 7. Vidare arbeid og saker til årsmøtet

Årsmøte har nokre standardsaker. I tillegg kjem utgreiing på moms-saka. Sekretariatet er i dialog med revisor no. Så minst tre tematiske saker på innholdssida. BBF får i oppdrag å utgreie utfordringar med alternative leverandørar og konkurransesituasjonen. Ei eiga sak på næringsliv, Lerumprosjektet, med forslag til vidareføring. Gruppeorganisering og konferanse.

Kort strategidebatt kan knyttast til gruppestruktur og omorganiseringa, men og rundt konferansen. Rekrutteringstema som del av oppretting av ungdomsgruppe? Viktig er å knytte nye miljø og tankar inn til IT-forum. Til dømes Årdal Utvikling ved Terje Laberg.

Styret må ha nytt møte før årsmøtet for å endleg avklare saker og agenda. Høgskulemøte på formiddag den 13. og styremøte etter lunsj. Sekretariatet sender agenda

Sak 8. Ymse

Innkjøpsavtalen på telefoni. Ny rammeavtale på trafikkdel på mobil og fastnett. Avtaleperiode med Telenor går no ut (april). 17-18 kommunar i fylket inngjekk avtala der alle kommunar unntatt Høyanger no kjøper. Innkjøpsreglane har blitt skjerpa. Der skal stå kven som er med og ein kan ikkje kople seg på etterpå, slik 8 kommunar no gjer. IT-forum får ein prosent, i fjor 120 000. Gode betingelsar. Ei problemstilling og om private kan kjøpe seg inn. Spørsmål om deltaking gir prinsipielle vanskelege bindingar til leverandørar eller er politisk vanskeleg når vi seinare skal kritisere. Sidan IT-forum ikkje er juridisk eining kan forumet ikkje vere utlysar. Heller vere del av eit anbod der det ligg inne at forumet bidrar med å gjere ein jobb med dokumentasjon og overvaking av situasjon i fylket.

Mange nye anbod går no ut. Som kjøpsavtalen på utstyr og leveransar på 30-40 mill i året. Jfr. Konkurransesituasjon som Lerum har trekt opp. Små leverandørar i fylket med eit par unntak. Naturleg å involvere BBF som har dei rette personane til å gå vidare med dette på breiband. Delta i brukarutval som vurdere innkomande forslag og forhandlar med leverandørar.

Sekretariatet sjekkar ut med BBF. Styret er positive til ei rolle, så sant vi ikkje får negativ tilbakemelding frå BBF.

t)